

Fra: Jarle Systaddal Færøy <jarle.faroy@gmail.com>
Sendt: onsdag 23. november 2022 10:51
Til: Postmottak Alver
Emne: Innspel handlingsdel kulturplan

Hei.

Aktivitet ute er alltid bra og me har fleire flotte idrettsanlegg i Alver.

Men ein stad for å berre møtast, henge og samtidig vere aktiv, utanom dei organiserte tilboda, er noko me treng.

Ein pumptrack, ein skatepark, ei sykkelbane.

Ein arena for leik og moro, ein arena for mestring og utvikling, ein arena der dei store viser dei som er mindre, ein arena for å berre møtast og henge.

Det treng vi i Alver.

Eg bur og er oppvaksen i Alversund, og ein slik stad drøymde eg og kameratane mine om.

Me sykla utafør Alver Hotel, og fekk kjeft.

Me sto på rulleskøyter i Knarvik senter, og fekk kjeft.

Me hadde ingen slik stad.

No har eg sjølv born og me er ofte på Voss.

Der har dei laga eit flott anlegg på Vangen.

Ein skatebowl og terrengpark som fenger aktive born fra 2 til 40+ år.

I Myrkdalen har dei laga ein super pumptrack, hinder i ulike nivå og terrengstiar i gjennom skogen.

Veldig kjekt.

Kva med å bruke skuleplassen på gamle Alversund skule til ein slik arena. Tilkomst via gang og sykkelveiar er allerede etablert og det er ei sentral plassering i bygda.

Med venleg helsing

Jarle Systaddal Færøy